

Jærbladet 2. februar 2018

21 FREDAG 2. FEBRUAR 2018

●○○○○

TORJÅ

OM JÆRBLADET
Jærbladet kjenn
er framlegg, omsett
og framlegg, og er ei
del av Nærings- og
konsumet.
Oppslag 12.548

LEDER

Bruk sjansen og rydd opp

Landsbruksminister Jan Georg Dale fikk kjøre seg på den store landsbrukskonferansen på Værhuus mandag. Det er nok den fysiske pelsdyrindustrien som fikk flest besøk i erkerkan av møtet, men landsbruksministeren besøkte også arbeidstakerne til å sende en klar melding til svinerundene. Dere får en større sjans til å rydde opp øst, sa ministeren, og viste til ryttende farn andekket av Marthegnet over hele landet.

Høsten 2017 ble det

Arne Garborg
Rolf Erlin Solheim
Gunnar Myrdal

Leggja ned Garborgsenteret?

Nok ein gong er Garborgveka over med poppsong, kviss og slam, Ranglerock, femrettars middag og Peter F. Strasseggers forsøk på å danna seg eit bilete av Arne Garborg. Han har, som det står i programmet for foredraget han held, litt vanskeleg å få tilgang til Garborg då han nyleg har flytta til Jæren, og gjerne vil gjennomsyna «forsteina gjengse oppfatningar». Men då hjelper det lite å ta ein tur innom utstillinga på G-senteret. For der finst det meir meiningar OM Garborg enn dei meiningar han sjølv stod for. For å danna seg ein kort oversikt, hadde Strassegger ikkje tronge meir enn 1 minutt om Garborg sjølv hadde fått koma til tals med eit klipp frå dagboka i 1921:

«Dei høge Menneskjetankar har Verd i seg sjølv, og dei som ser og er med på det høge og rette, dei lever det sanne Menneskeliv, og står seg på det, om dei i det ytre taper på det, kan hende. Men alt det må ein skjønna sjølv; det gjeld kje for Verda.»

I dette sitatet ligg det viktigaste av hans liv og litteratur i retrospekt. Og slik han mot slutten av livet meinte det ikkje gjaldt for verda, gjeld det heller ikkje for Garborgsenteret. For den røde tråden han her peikar på, den han utvikla frå 1895 og frametter, i sin litteratur så vel som i sitt eige liv, den finst ikkje i G-utstillinga.

Livssyn som mentalt grunnprinsipp

I 2010 fekk Tor Obrestad og eg i oppgåve å laga ei skisse til kva G-utstillinga skulle handla om. Tor skulle skriva den biografiske delen, medan eg skulle skriva om livssynet. Heilt sidan G-året 2001 hadde eg publisert ei mengd artiklar om dette, kos G frå tida som riksrevisor og frametter utvikla si livsanskuing frå barnetru til sosialisme, gjennom anarkisme og ateisme, fram til 1895 då han konkluderte med at trua på sjølv livet er den einaste religionen ein treng. Og kvart steg i denne prosessen skimta gjennom i bøkene hans. Mitt perspektiv var (og er), slik Gunnar Myrdal uttrykker det i fri omsetjing, at «kvar einaste tanke, kvar einaste handling, og kvar einaste setning ein skriv, er

Leggja ned Garborgsenteret?

Nok ein gong er Garborgveka over med poppsong, kviss og slam, Ranglerock, femrettars middag og Peter F. Strasseggers forsøk på å danna seg eit bilete av Arne Garborg. Han har, som det står i programmet for foredraget han held, litt vanskeleg å få tilgang til Garborg då han nyleg har flytta til Jæren, og gjerne vil gjennomsyna «forsteina gjengse oppfatningar». Men då hjelper det lite å ta ein tur innom utstillinga på G-senteret. For der finst det meir meiningar OM Garborg enn dei meiningar han sjølv stod for. For å danna seg ein kort oversikt, hadde Strassegger ikkje tronge meir enn 1 minutt om Garborg sjølv hadde fått koma til tals med eit klipp frå dagboka i 1921:

«Dei høge Menneskjetankar har Verd i seg sjølv, og dei som ser og er med på det høge og rette, dei lever det sanne Menneskeliv, og står seg på det, om dei i det ytre taper på det, kan hende. Men alt det må ein skjønna sjølv; det gjeld kje for Verda.»

I dette sitatet ligg det viktigaste av hans liv og litteratur i retrospekt. Og slik han mot slutten av livet meinte det ikkje gjaldt for verda, gjeld det heller ikkje for Garborgsenteret. For den røde tråden han her peikar på, den han utvikla frå 1895 og frametter, i sin litteratur så vel som i sitt eige liv, den finst ikkje i G-utstillinga.

Livssyn som mentalt grunnprinsipp

I 2010 fekk Tor Obrestad og eg i oppgåve å laga ei skisse til kva G-utstillinga skulle handla om. Tor skulle skriva den biografiske delen, medan eg skulle skriva om livssynet. Heilt sidan G-året 2001 hadde eg publisert ei mengd artiklar om dette, kos G frå tida som riksrevisor og frametter utvikla si livsanskuing frå barnetru til sosialisme, gjennom anarkisme og ateisme, fram til 1895 då han konkluderte med at trua på sjølv livet er den einaste religionen ein treng. Og kvart steg i denne prosessen skimta gjennom i bøkene hans. Mitt perspektiv var (og er), slik Gunnar Myrdal uttrykker det i fri omsetjing, at «kvar einaste tanke, kvar einaste handling, og kvar einaste setning ein skriv, er

bevisst eller ubevisst påverka av livs- og verdisynet». Slik er det for alle, og slik var det for AG. Berre med den skilnaden at han dokumenterte sitt verdi- og livssyn meir omfattande og detaljert enn nokon annan forfattar. Men hans etiske verdiar som grunnprinsipp for alt han skreiv og gjorde, vart misforstått av dei som laga utstillinga.

Tor Lie skriv i si doktoravhandling frå 2007 ved Lunds Universitet at

«Arne Garborg kjem midt på 1890-talet fram til eit livssyn som forblir hans posisjon. . . Til å vere ein skjønnlitterær forfattar er AG uvanleg sterkt profilert og avklart i sitt livssyn.»

Eit ennå viktigare poeng i Tor Lies avhandling ligg i sjølve tittelen: «*Symptombærer og symptomløser. Arne Garborgs vei til et varig livssyn (1851-1894). En psykologisk studie.*» G klarte altså på eiga hand å løysa problema med det han kalla «hugsjuken», og Lie påpeikar kor viktig det kunne vera i moderne psykoterapi, at AG kunne visa pasientar korleis ein handterer djup depresjon. I «Mot til å meina, styrke til å skapa», som er namnet på den faste utstillinga, var det i denne indre striden med seg sjølv det trongst mest styrke og mot, ikkje i kampen med omverda. I den indre sjølvgranskinga held han mest på å gå under, slik han skriv om det i dagbøkene. Dette kunne vore eit hovudtema i utstillinga med Huldas kommentar som overskrift:

«Den pinefulle sjølvgransking førde då omsider til frigjering i det milde, avklara livssynet, som gav alderdomen hans relativ ro, det livssynet han i poetisk form la fram i *Den burtkomne Faderen*, *Heimkomin Son*, og i granskarverket *Jesus Messias*».

Dei tre verka Hulda nemner er fulle av «høge Menneskjetankar», og der kan ein spora «motet til å meina» gjennom all motbør han fekk. I tillegg til «hugsjuken» kravde desse verka det største motet han makta å mobilisera. Det var berre det at dei som laga G-utstillinga missforstod og trudde at livssyn er ei side ved personlegdomen som er uavhengig av dei andre kategoriane utstillinga er samansett av. Dei såg ikkje at livssynet er nøkkel til å forstå både litteraturen og alt det andre AG stelte med. I staden for å presentera «dei høge Menneskjetankar» med Gs eigne ord, slik ein finn dei på rekkje og rad ved å lesa dagbøkene baklengs frå 1921, handlar G-utstillinga mest om alle meiningar folk har og har hatt OM Arne Garborg.

23. januar 2018

Då eg vart invitert til å vera med i det fyrste arrangementet i G-veka 2018, «debatt om pengar, georgisme og Garborg», meinte eg det var liten vits i å debattera eit tema mest ingen har høyrte om. Då det heller ikkje finst noko begripeleg i G-utstillinga om georgismen, var det ikkje å venta at publikum eller panelet skulle ha noko fornuftig å snakka om. Difor måtte det vera eit innleiande foredrag, noko eg måtte kraftig insistera på. Der la eg då vekt på korleis G som statsrevisor fekk augo opp for kos landet fungerte økonomisk, politisk og sosialt, om fattigdom, korrupsjon og kapitalistane si umoralske framferd. I 8 år la han i statsrevisjonen i grunnlaget for sitt georgistiske livssyn som skin gjennom i litteraturen og blir hans avrunding på dei siste 20 åra. I foredraget siterte eg Hulda: «På mange måtar hadde han si beste tid dei åra dagbøkene hans vart skrivne (etter 1905). Han var komen meir til ro, var friskare, og hadde skriva frå seg det tyngste».

Eg hadde vona at mange G-kjennarar skulle kommentera «det høge og rette» som rødt tråd i foredraget mitt, men ikkje ein einaste merknad kom om denne tråden.

Debatten etterpå var katastrofe. Det var fine paneldeltakarar, men dei hadde sjølv sagt ikkje hatt tid til å setja seg inn i georgismen, og om ein plukka ut deler av den som ein kunne kritisera, gjekk ein miste om konteksten og den djupe kjensla av rettferd. Slik var det uråd å få til nokon skikkeleg samtale på AGs premisar: Korleis kan global økonomi i dag koplas saman med naturen, slik at økologi kan styra både realøkonomi og finansindustri? Dette var sjølv sagt ein gigantisk ambisjon, men ikkje desto mindre kva georgisme handlar om.

Den faste utstilliga

Hovudtema i mitt bidrag i 2010 til den faste G-utstillinga var altså at det stegvise livssynet han utvikla skimta gjennom i litteraturen og alt han elles stelte med. I boka «Garborg 2.0» frå 2014 publiserte eg både Tors og mitt bidrag som handla om livssyn, det som aldri kom med i G-utstillinga. Det sentrale i utstillinga er nå dei interaktive dataskjermene. På heimesida til G-senteret står det at «I ulike soner møter ein følgande tema: ekteparet, språk, demokrati, litteratur, modernitet og tradisjon, media, livs- og samfunnssyn». Eg veit lite om dei interaktive peikeskjermer som er brukt her, der bilete og tekst hoppar i hytt og ver, og det er uråd å finna ut av kor Arnes og Huldas «mot og styrke» finst. Enten har teknikken slått feil, eller så er den allerede forelda. Eg tykkjer synd om ungdommane desse peikekjermane og algoritmane synes å vera laga for. «Sonene» er heller ikkje tilknytt www-nettet slik at dei kan sjåast eller hentas heim til eigen PC eller nettbrett. Eit kodesystem, eventuelt med betaling, kunne lett ha gjort informasjonen tilgjengeleg for dei som skal arbeida med AG på skulen eller heime. «Sonene» er heller ikkje kopla til kvarandre, og når livs- og verdissyn er nøkkel til å forstå dei andre «sonene», vert det mest uråd å finne fram. Heller ikkje finns det lenkar til alle dei G-dokument som ligg på nettet, og dessutan til omverda, for eksempel til georgismen som i dei siste 20 åra hans plasserer han som verdsborgar.

Motet til å meina var støst i motbør

At Arnes mot var størst då han fekk mest motbør, var tydeleg. Då han ville visa at Jesus ikkje var nokon religionsstiftar, at dagens kristendom er konstruert av paven og keisaren i Roma på kyrkjemøta dei styrde, vart det voldsamt rabalder. Å koma til Jæren og hevda att mennesket berre kan frelsa seg sjølv ved å fylgja Bergpreika, var ikkje enkelt. Motet svikta då dei bad han koma for å feira 70-årsdagen på Saron på Bryne. At georgismen skulle avvikla fattigdom og korrupsjon høyrdes bra ut, same som at det ikkje skulle vera skatt på arbeid og løn, men at jorda ikkje kunne eigast av bøndene, berre leigas, og at odelsretten måtte avskaffas, det var ikkje småtter. Dessutan skulle det vera stopp med å tena pengar på pengar. Altså, bort med renter og børsl! I «Heimkomin Son» er Jesus og Henry George to sider av same sak, ikkje berre med krav om fred og rettferd, men også korleis det skulle gjennomførast. I dagboka i 1921 skriv han:

«Er det då fåfengt reint å drøyme om Fred og om Rettferd? Nå-ja; for Verda. Men ikkje for dei som trur på det sanne; for dei har Livet ei Meining, som for dei andre er Skodde og Natt».

«Heimkomin Son» vart mest ikkje debattert i det heile då AG i staden fekk på pukkelen med sine mange foredrag om georgisme. Men provokasjonen mot kristendommen i «Jesus Messias» fekk ikkje kvila i fred. I dag er det framleis dei som snur og vender på hans «religion» og gjerne vil at han skal vera «litt» kristen. Også dette temaet kunne vore med i G-utstillinga. Der kunne alle prosjekta med å kristna og «omvenda» AG i dei siste hundre åra fått ei eiga «sone».

Meininga med G-senteret

I lys av dette kan ein spørja: Kva er då meininga med G-senteret? Utstillinga ser mest ut som ei knebling av dei «høge Menneskjetankar» han arbeidde med. Var hans høge tankar «farlege» på Jæren og kunne fornærma kristenfolket og finansindustrien i Rogaland? Barnehageverksemda og alle tilstellingane på G-senteret som ikkje har noko med Arne og Hulda å gjera, er sjølvsagt gilde og underhaldande, medan «Skodde og Natt» kviler stilt over det «høge og rette». Med all respekt for dei som er i arbeid på G-senteret i dag, er det viktig å spørja: Bør ein leggja ned G-senteret og døypa om det til «Kulturhuset Garborg».

I 2051, når han fyller 200, har dei fleste åtvaringane i World Economic Forums rapport «Global Risks 2018» slått till. Desse globale katastrofar kunne hans geoisme/georgisme ha avverja. Kan hende er tida då mogen for ei utstilling med tittel «Dei høge Menneskjetankar»?

Rolf Erik Solheim, Arvika, Sverige, www.framtiden-er-din.com